



Arkivnr: 2014/560-186
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------|--------|------------|
| Ungdommens fylkesutval | | 28.08.2015 |

Førebuing av Nasjonalt ungdomsråd-samling - 18.-20. september

Samandrag

Ungdommens fylkesutval i Hordaland skal vere vertskap for ein samling med leiarane frå dei andre ungdommens fylkesutvala for å diskutere og jobbe for å opprette eit nasjonalt ungdomsråd. Samlinga vert heldt i Bergen 18.-20. september.

Overnatting vert på Montana Vandrarheim, og førespurnad vert sendt til Amalie Skram angående møterom.

Ungdommens fylkesutval må førebu samlinga. Fylkesadministrasjonen er på denne tida oppteken med valet og kontrollteljing, så administrasjonen vil ikkje ha moglegheit til å hjelpe med noko praktisk i denne tida.

Fylkesvaraordførar Mona Haugland Hellesnes har takka ja til å kome på fredag 18. september. Ein førespurnad vert sendt til fylkeseldrerådet for å høyre om dei kan kome med innspel til prosessen.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Janne Værnø
Kommunikasjonsdirektør

Ingeborg Borgen Takle
Rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.